



Marsipankaker med julemotiv på onsdag

I går kom Elin Enes heim frå Spania, og ho er allereie i full sving på Elins Matgleder. Ho seier ho er heime og full av arbeidslyst. Butikken er open frå 12 til 15, og i dag har ho første ladningen med julabrød klar for salg. men dei har også andre godsaker i hyllene.

Ho fortel at det framleis er julekjeks igjen, og Silje har laga meir av Gule bomber som var så populære at dei vart utselde. Det blir også Sarah Bernhard, Skumbollar og risbollar. Onsdag vil ho laga små marsipankaker som ho vil ha i disken. Desse kan ein også bestilla dersom ein vil at ho skal halda av.



Nissen hos Elins Matgleder har mykje godt å by på.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Elins Margleder